



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 27.05.2014

Vår ref.: 2014/1152

Arkivnr.: 433.6

Lene Kvia
Nordsjøvegen 970
4343 ORRE

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmroast@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Dispensasjon til slått i hekkeområde for svarthalespove

Syner til søknad om dispensasjon frå forskrift om svarthalespove som prioritert art (Kongeleg res. 20.05.2011), dagsett 26.05.2014. Du syner til vårt informasjonsbrev av 14.05.2014, der vi gjorde merksam på at det er hekkande svarthalespove på din eigedom i år.

Forskrifta sett forbod mot slått av gras i hekkeområde for svarthalespove i tida fram til 15. juli, jf §4. Det er likevel eit vilkår om at forbodet ikkje gjev ei vesentleg vanskeleggjering av tradisjonell bruk og eit vesentleg tap. I slike høve har fylkesmannen høve til å gje fritak frå forbodet mot slått, jf §8. Fylkesmannen har tidlegare sagt at utsett slått i areal med intensiv grasproduksjon som regel alltid vil gje vesentleg tap.

Klima- og miljødepartementet har i pressemelding 19.05.2014 gjeve signal om at gardbrukarar kan få innvilga dispensasjon frå slåtteforbodet for fleire år om gongen.

Fylkesmannen gjev med dette dispensasjon frå forbodet mot grasslått før 15. juli i forskrifta om prioritering av svarthalespove §4. Fritaket frå slåtteforbodet gjeld i 5 år frå no, det vil seie til og med år 2018, på alle areal på din eigedom der det blir produsert gras til husdyrfor.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernshjef

Anders T. Braa
viltforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anders T. Braa
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14
E-post: fmroast@fylkesmannen.no

Kopi til:
SNO v/Knut Henrik Dagestad her
Klepp kommune Postboks 25 4358 Kleppe